

NØKKELTAL 2023

- ☐ 5167 medlemmar
- ☐ 177 200 kr i fast gjevarteneste fordelt på 27 gjevarar. I snitt gjev kvar gjevar 547 kr per måned—det utgjør 6564 per år.
- ☐ Dette gjev eit snitt på 34 kr per medlem i fast gjevarteneste.
- ☐ 556 506 kr vart gitt i takkoffer til kyrkjelydsarbeid og andre organisasjonar.
- ☐ Det er eit snitt på 107 kr per medlem i takkoffer.

FAST GJEVARTENESTE BIDREG BALNT ANNA TIL

- ☐ Å gje 4 åringane gratis barnebibel
- ☐ Å halda prisen for å delta på KonfAction nede
- ☐ Styrking av konfirmentarbeidet med konfirmentmedarbeidar i 10% stilling.
- ☐ Å løna deler av stillinga til diakonimedarbeidaren
- ☐ Blomsterhelsingar til jubilarar
- ☐ At ein kan oppgradera og fornya teknisk utstyr
- ☐ Å gje folk i bygdene ein himmel over livet

SLIK GJER DU:

- ☐ Bestem deg for å bli med på laget!
- ☐ Lag faste, månadlege, overføringar til soknet.
Kontonr: 3335 27.29766
- ☐ Vil du ha skattefrådrag tek du kontakt med dagleg leiar.
- ☐ Er ein glad gjevar!

Tusen takk til alle som er
med og støttar arbeidet vårt
økonomisk!



Varhaug kyrkje

Ånestadvegen 12
4360 Varhaug

Telefon: 51 43 62 10
E-mail: post@hakyrkja.no

Revidert september 2024



Gjevar- teneste



DEN NORSKE KYRKJA
Varhaug kyrkje

Himmel over livet

GJEVARTENESTE - NOKO FOR DEG?

Arbeidet i Varhaug kyrkje er mangfaldig og rikt, og kyrkjelyden og kyrkjebygget er ein viktig medspelar i lokalsamfunnet på mange plan.

Men arbeidet skjer ikkje utan midlar, og Varhaug kyrkje er heilt avhengig av det som folk gjer av pengestøtte, både det som kjem inn i kollekt, ved fast gjevarteneste, gjennom enkeltgåver og i testamentariske gåver.

Du er med dette utfordra til å investera dine pengar i eit godt og viktig arbeid!

Bli med på
Gjevartenesta!

Gåver kan gje skattefrådrag med inntil 25.000,- pr. år. Samla gåve til ein organisasjon må vera minimum kr 500 pr. år. Dersom du ynskjer skattefrådrag, må du ta kontakt med dagleg leiar.

ARBEIDET I KYRKJA

Det er eit rikt og variert tilbod av aktivitetar som skjer i regi av kyrkjelyden. For både unge og eldre, i grupper og i enkeltmøter. Frå baby og småbarnssang, gjennom barne og ungdomsarbeid, via konfirmanasjon, gudstenstearbeid til andaktar på sjukeheimar og besøk hos einsame, dei som sørger og sjuke.

Dei aller fleste aktivitetane me driv er gratis å delta på og nytta seg av. Slik ynskjer me det skal vera i framtida og. Mange frivillige bidreg med tid og talent. Men det trengs og ein stødig og god økonomi.

Å ha faste gjevarar til arbeidet gjev soknerådet ein økonomisk forutsigbarhet.

TESTAMENTARISK GÅVE

Soknerådet sin visjon er å vera med å gje folket i bygdene våre ein **himmel over livet**. Nokon som bidreg til å gje livet meining, eit håp, ei trøst og eit evig mål. Eit mål om ei ny himmel og ei ny jord gjennom trua på Jesus Kristus som frelser.

Har du lyst å bidra til dette arbeidet også den dagen du har nådd målet? Di gåve, uansett størrelse, vil bidra til det viktige arbeidet som skjer i soknet!

HIMMEL OVER LIVET

Himmelen er like nær som den er fjern. Den er alltid der og vil alltid vera der, uansett kven me er og kor me er – ung som gammal.

Den er der når du står opp, og når du legg deg. Når livet byrjar og når livet ender. Me kan alltid sjå den, uansett kor i verda me er. Den omslutter heile verda og alt som lever. Himmelen er der i fred som i krig – for den rike og den fattige – for den som synes livet er lett og for den som strever med sitt eige liv – for den som har mange rundt seg og for den som er åleine.

Himmelen kan liknast med Gud. Liva våre er omslutta av ein Gud som er større enn oss sjølv, som er heilt nært, men likevel uendeleg og uforståeleg stor. Han rommer alt – frå den største glede til den største sorg. Me vender oss opp mot Gud, mot han som er større enn oss. Me vender oss mot Gud som er heilt nær oss, ja i oss. Og i trua på den Gud, Jesus og Den heilage Ande har me eit mål – ein ny himmel og ei ny jord – trua på oppstandelsen og eit nytt liv kor alle som trur skal få vera saman med Gud for alltid.

